



PLANINITIATIV

BESTILLING AV OPPSTARTSMØTE DETALJREGULERING FOR NORDRE BJØRKUM

For at kommunen skal ha eit best mogleg grunnlag for vurdering av planinitiativ og gjennomføring av oppstartsmøte ber vi om at dette dokumentet fyllast ut så langt som råd, jf. *forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven*. (rev. 29.01.19).

Dato:

1. Ansvarlege	
Fagkyndig plankonsulent	
Firma	COWI AS
Org. nr.	979 364 857
Adresse	Inger Bang Lunds vei 4
Postnummer	5059
Poststad	Bergen
Telefonnummer	+47 21497688
E-post	firmapost@cowi.no
Kontaktperson for prosjektet hos fagkyndig	Anja Urdal Vinje aув@cowi.com
Fagkyndig plankonsulent har møteplikt på oppstartsmøtet	
Forslagsstillar (fyll ut informasjon om dei resterande deltakarane på pkt. 19)	
Firma/privatperson	Statens vegvesen
Org. nr.	971 032 081
Adresse	Pb. 1010 Nordre Ål
Postnummer	2605

Poststad	Lillehammer
Telefonnummer	22 07 30 00
E-post	firmapost@vegvesen.no
Kontaktperson for prosjektet hos forslagsstillar	Stig Magnus Berg-Thomassen stig.berg-thomassen@vegvesen.no
2. Egedomsopplysningar	
Gards- og bruksnummer(e)	3/4, 3/5, 3/2
Adresse/stadnamn	Nordre Bjørkum
Eigars namn	Ikkje oppgjeve her grunna GDPR
3. Formålet med planen, jf. § 1, andre ledd, bokstav a)	
<p>Plassering av stein frå oppgradering av Lærdalstunnelen og evt. andre offentlege prosjekt med overskot av stein. Fleire område har vore og er under vurdering. Nordre Bjørkum er eit område som er vurdert til å vera aktuelt då areala har vore og er nytta til masselagring. Her kan steinmassane plasserast slik at dei kan takast ut og nyttast til andre føremål av kommunen og/eller andre etter avtale.</p>	
4. Kommuneplanen og gjeldande retningslinjer, jf. § 1, andre ledd, bokstav g)	
<p>Kva overordna planar gjeld for planområdet, kva føringar gir dei, og i kva grad vil den nye planen følge opp desse føringane?</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Felles landbruksstrategi for Årdal, Lærdal og Aurland (ÅLA) • Kommunedelplan for klima, energi og miljø (2021) • Kommunedelplan for landbruk og kulturminnevern • Kommunedelplan for trafikktryggleik 2018-2021 • Samfunnsdelen kommuneplan 2018 <p>Planforslaget understøtter samfunnsdelen i kommuneplan ved å gje moglegheit for massar til andre samfunnsnyttige føremål i kommunen utan at det då må takast ut masser i område som kan råka landbruk, naturmangfald, kulturminne etc.</p> <p>Kommuneplanens arealdel er under revisjon, og status for dette arbeidet er at planen har vore ute til høyring.</p>
5. Gjeldande og igangsetting reguleringsplan(er), jf. § 1, andre ledd, bokstav g)	
<p>Kva reguleringsplanar gjeld for planområdet, kva føringar gir dei, og i kva grad vil den nye planen følge opp desse føringane?</p>	<p>Følgjande reguleringsplaner er vist i www.kommunekart.com:</p> <p>REGULERINGSENDRING E16 STUVANE-SELTUN BRU</p> <p>Del av planforslaget som inngår i gjeldende plan er regulert til kombinert føremål: massedeponi/rigg med jord og skogbruk. Tilkomst til massedeponiet er vist i plankartet. Utsnitt av plankart viser under.</p>



Følgjande føresegnar er aktuelle:

KOMBINERTE FORMÅL

Områda til blanda føremål landbruk/ trafikk er areal der det offentlege kan gjere tiltak, erverve rettar og setje restriksjonar for å sikre riksvegen og trafikantane.

Det offentlege kan byggje rasvollar, setje opp natursteinsmurar og gjere andre vesentlege terrengingrep for å sikre vegen og trafikantane. Det offentlege kan også fjerne eller plassere massar mellombels i området i anleggsperioden. Det skal ikkje gjerast terrengingrep i anleggsperioden eller permanent som aukar rasfaren utanfor området.

Massedeponi/rigg

Dette er riggområde og mellombels massedeponi ved Saue, massedeponi ved Koparhola og riggområde ved Seltun bru.

Områda kan nyttast til massedeponi, anleggsvegar, riggområde og massepot i anleggsperioden. Areal skal bakkeplanerast og terrengformast før avslutning av anlegget. For massedeponi er det vist moglege areal. Det kan vera aktuelt å nytte berre nokre av desse.

I www.kommunekart.com viser også følgjande reguleringsplan med plangrense:

E16 STUVANE-SELTUN BRU- delvis endra i 2009

Plankart viser under.



Det føreligg også eit vedtak om dispensasjon for utvida tid for bruk av området. Dette vedtaket gjer løyve til bruk av området til massedeponi frem til 30. oktober 2022

6. Planområdet og verknadar planarbeidet vil føra med seg utanfor planområdet, jf. § 1, andre ledd, bokstav b)

Planområdet er i stor grad regulert til planlagde føremål. Det kan verte behov for mindre endringar av storleik på området. Planavgrensing er vist noko større enn eksisterande deponi for å gje rom for vurdering av landskapstilpassing og volum. Steinvolumet som det vert planlagt for å plassere på Nordre Bjørkum vert sett i samanheng med andre aktuelle stader å nytte tunnelstein frå tunneloppgraderinga, mellom anna i Aurland kommune, men også i tilknytning til andre tiltak i Lærdal.

Transport av massar til planområdet med omsyn til trafikktryggleik og tiltak for å unngå forureining ved gjennomføring av tiltaket vil utgreiast i ROS-analyse, og SHA-plan.

7. Planlagt utbygging, anlegg og andre tiltak, jf. § 1, andre ledd, bokstav c)

~~Stikkord: Foreslått arealformål, tal på buciningar/arbeidsplassar, riving av eksisterande busetnad osv.~~

Landbruk med føresegnsområde massedeponi. Alternativt kan være "råstoffutvinning" eller "andre typer bebyggelse og anlegg" (massedeponi) dersom dette er meir ønskjeleg for kommunen. "Permanent" bruk av arealet (t.d. steinknusing på området) vil kunne medføre krav til ytterlegare skredsikring.

8. Utbyggingsvolum og byggehøgde, jf. § 1, andre ledd, bokstav d)

Stikkord: Høgde, grad av utnytting (BRA og BYA)

Ikkje aktuelt. Det er ikkje tiltenkt bygningar innafør planområde.

Deponiet blir forma for å romme 2-300.000 m³, men tilpassing til området vil være viktig og førande for maksimalt fyllingsvolum. Planprosessen vil finne endeleg volum og utforming.

9. Funksjonelle- og miljømessige kvalitetar, jf. § 1, andre ledd, bokstav e)

Stikkord: Uteopphaldsareal (for bustadar, skule, barnehage og sjukeheim), tilkomst, endring i trafikkbilete, parkering, avstand til næraste busshaldeplass, blågrøn struktur osv

Inga vesentleg endring. Eksisterande tilkomst er planlagt nytta

10. Tiltaka sine verknadar på, og tilpassing til landskap og omgjevnader, jf. § 1, andre ledd, bokstav f)

Skildre landskapet, topografi, strøkets karakter, o

Området er eit eksisterande deponi. Utforming av deponi vert tilpassa eksisterande terreng.

11. Vesentlege interesser som vert påverka av planinitiativet, jf. § 1, andre ledd, bokstav h)

Inga. Trafikktryggleik inkluderast i ROS. For klimagassutslepp utarbeidast det eit CO₂- reknskap, avkjørsle med naudsynte siktzone inkluderast i planen. Avkjørsle til planområdet vert prosjektert i tråd med dagens vegnormer.

12. Korleis skal samfunnstryggleiken ivaretakast, blant anna gjennom å førebygga risiko og sårbarheit? Jf. § 1, andre ledd, bokstav i)

Det vil bli gjennomført ROS-analyse kor aktuelle tema vil bli følgt opp. Avbøtande tiltak vert regulert og omtalt i føresegnene.

13. Kva for offentlege organ og andre interesserte som skal varslast om oppstart av planarbeidet, jf. § 1, andre ledd, bokstav j)

- Landbruksmynde i kommunen
 - Statens vegvesen
 - NVE
 - Vestland fylkeskommune (fleire einingar)
 - Statsforvaltaren i Vestland
 - Direktoratet for mineralforvaltning
- + div råd (kommunen ettersender)

14. Prosessar for samarbeid og medverknad frå aktuelle fagmynder, grunneigarar, festarar, naboar og andre som kan bli påverka av planen, jf. § 1, andre ledd, bokstav k), og § 2, andre ledd bokstav a)

- Melding om oppstart
- Direktekontakt med grunneigarar
- Fagmøte med offentlege organ om naudsynt
- Kommunen engasjerast som planmynde

15. Vurdering av om planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing, og korleis krava i tilfelle vil kunne ivaretakast, jf. § 1, andre ledd, bokstav l)

15 a) Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding, jf. KU-forskrifta § 6

Fell inn under kriteria i § 6, første ledd, bokstav a)?

Grunngjeving: Planen er ein detaljreguleringsplan, ikkje ein overordna plan.

Ja:

Nei: X

Fell inn under kriteria i § 6, første ledd, bokstav b)?

Grunngjeving: Planen fell ikkje inn under nokre av kriteria i vedlegg I

Ja:

Nei: X

15 b) Planer og tiltak som skal konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknadar på miljø eller samfunn, jf. KU-forskrifta § 8

Fell inn under kriteria i § 8, første ledd, bokstav a)?

Grunngjeving: Deponiet er over 50.000 m³, men har ikkje vesentleg verknad på miljø eller samfunn.

Sjå vedlagt følgjeskriv

Ja: X

Nei:

15 c) Opplysningar som skal leggast fram av forslagsstillar som grunnlag for ansvarleg myndigheit si vurdering etter § 11 eller § 12, jf. KU-forskrifta § 9

Det er gjort ei vurdering mot bokstav A-D i KU-forskrifta §9.

Bokstav a. *planen eller tiltaket, tiltakets fysiske eigenskapar og lokalisering og eventuelle rivningsarbeider*

- Planlagt tiltak er eit massedeponi for sprengt stein
- Deponiet er føreslege i et område med eksisterande deponi
- Utforming med tanke på enkel deponering og seinare uttak av masser
- Lokalisert i ein del av Lærdal med få bustader i nærleiken

Bokstav b. *miljøverdier som antas å bli vesentlig berørt og som krevjer særskilte hensyn*

- Deponiet er føreslege plassert i eksisterande område allereie disponert til deponering og har ikkje vesentleg verknad på miljøverdier.

Bokstav c. *planens eller tiltakets forventede vesentlige virkningar som følge av reststoffer, utslipp og produksjon av avfall*

- Det er ikkje forventa vesentleg verknad for miljø eller samfunn som følge av deponering.
- Det er ikkje venta utslipp av reststoff, men tiltak for å hindre transport av finstoff til elva vil bli omtalt i føresegnene om det kan være ein aktuell problemstilling.
- Det produserast ikkje avfall som følge av deponeringa.
- Transport av massar til planområdet med omsyn til utslipp vil utgreiast i ROS-analyse og SHA-plan.
- Det skal utarbeidast eit CO2-reknskap for transport og deponering av sprengt stein.

Bokstav d. *forventede vesentlige virkningar som kan følge av bruken av naturressurser.*

- Tiltaket medfører ikkje bruk av eksisterande naturressursar i planområdet.

15 d) Forslagsstillars foreløpige vurdering av om planen eller tiltaket kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn etter KU-forskrifta § 10

Planen har ikkje vesentleg verknad på nokre av kriteri i §10

Det er utført ein foreløpig vurdering av planområdet i forhold til aktuelle tema som t.d. naturmangfald, kulturminne, forureining, landbruk, friluftsliv og skred/flom.

Planområdet ligg ikkje til elv eller vassdrag.

Det er ikkje funne at området er særskild aktuelt for friluftsliv.

Området vert i dag ikkje nytta til landbruk og har såleis svært liten landbruksmessig verdi.

Tiltaket medfører ikkje vesentleg forureining eller klimagassutslipp.


Transport av massar til planområdet med omsyn til trafikktryggleik og tiltak for å unngå forureining ved gjennomføring av tiltaket vil utgreiast i ROS-analyse, og SHA-plan.

Sjå og merknader under tema i punkt 16

15 e) Skildring av opplegget for arbeidet fram til ei konsekvensutgreiing ligg føre, jf. § 2, andre ledd, bokstav b)

Ikkje relevant.

16. Andre forhold

Tema	Kommentarar
Er området utsett for flaum, ras eller usikre grunnforhold? Ja: X Nei: <input type="checkbox"/>	Området er rasutsett, men innleiande vurderingar av geolog peiker på mogelege tryggingstiltak for å kunne deponere stein. Planarbeidet vil ha fokus på tryggleik og vil omtale tiltak og metodar for utlegging av stein på ein so trygg måte som mogeleg.
Vil forslaget få følgjer for viktig natur? Ja: <input type="checkbox"/> Nei: X	<p>Naturforvaltar har vore på synfaring i området, i tillegg til oppslag i databasar. Hengepiggrø (VU) veks i open grus i store deler av området, og heile tiltaksområdet kan reknast som ein erstatningsbiotop for denne arten som elles er knytt til intakt rasmark i Lærdal. Elles ingen interessante artsfunn registrert. Dagens masseuttak definerast ikkje som noko viktig naturtype. Det er heller ikkje ein utvald naturtype etter naturmangfald.</p> <p>Det er ved synfaring er det registrert to framande artar innanfor planområdet. I planarbeidet vil det vurderast om det er naudsynt med tiltak eller føresegner basert på desse registreringane.</p>
Er området utsett for støy eller annan forureining? Ja: X Nei: <input type="checkbox"/>	<p>Planområde er utsett for trafikkstøy. Dette vil ikkje påverke tiltenkt bruk. Det er ikkje registrert anna forureining i område.</p> 
Er det forureina grunn i området? Ja: <input type="checkbox"/> Nei: X	Det er ikkje registrert forureina grunn innafør planområdet.
Vil forslaget få følgjer for kjente kulturminne/kulturmiljø? Ja: <input type="checkbox"/> Nei: X	Det er inga kjente registreringar av kulturminne innfør området, men to SEFRAK-bygg i influensområdet
Er det behov for rekkefølge på føresegna for å løyse utfordringar utanfor planområdet? Ja: <input type="checkbox"/> Nei: X	

Har forslagsstillaren behov for å inngå utbyggingsavtale? Ja: <input type="checkbox"/> Nei: X	Kommunen må sjølv vurdere om rett til uttak av stein skal regulerast, eller om dei vil inngå privatrettslege avtalar for å styre bruken av og retten til deponiet etter at tunnelarbeida er ferdige.
Kva er hovudutfordringane i prosjektet?	Anleggsgjennomføring nattestid vil kunne påverke dei næraste bustadane. Så langt det er råd vil ein dempe dette med å ha ein voll rundt anleggsområdet. Køyring av stein på vegen vil ikkje medføre vesentleg auke i trafikken.
Kommenter kort forhold som kan vere viktige for å gjennomføre planen.	
Overordna framdriftsplan for planen inkludert behov for seinare dialogmøte mellom kommunen og forslagsstillar, <i>jf. § 2, andre ledd, bokstav f) og g)</i>	Arbeidet med oppgradering i Lærdalstunnelen kan ikkje starte før det føreligg godkjende mottaksområde for steinen. Med bakgrunn i dette er det viktig med ein rask planprosess. Foreløpig framdriftsplan antyd innsending av ferdig planforslag tidleg 2023 (jan/feb).
Kva ønsker forslagsstillar at kommunen skal bidra med undervegs i planarbeidet? <i>Jf. § 2, andre ledd, bokstav e)</i>	Raske avklaringar
Ønsker forslagsstillar parallell prosess plan og byggesak, <i>jf. plan- og bygningsloven § 12-15? Jf. § 2 andre ledd, bokstav d)</i>	Nei

18. Spørsmål som forslagsstillaren ønsker avklart

Kommunens ønskje om val av formål basert på tidsperspektiv for uttak av steinmassane frå Nordre Bjørkum til andre prosjekt i kommunen, og korleis området skal avsluttast.

19. Dei resterande deltakarane på oppstartsmøtet

Opplysningar om deltakar 3

Firma	Statens vegvesen
Namn	Stein Idar Dyngen
E-post	stein.dyngen@vegvesen.no

Telefon	+47 951 91 768
Opplysningar om deltakar 4	
Firma	COWI AS
Namn	Jørgen Sandø
E-post	jesn@cowi.com
Telefon	+47 21497688
Opplysningar om deltakar 5	
Firma	
Namn	
E-post	
Telefon	
20. Vedlegg	
Forslag til planavgrensing (pdf og sosi-fil)	